



## Referat frå møte med klubbane i Kvinnherad ang. barnefotball

Dato/stad: Søndag 12.april 2015 på Triohuset.

Tema: Planlegging av sesongen 2015 for miniputtar 7-10 år i Kvinnherad.

Arrangør: Hordaland FK, ved Are Ulseth.

Til stades:

- Ingen ansvarlege/styrerepresentantar frå Uskedal, Trio, Halsnøy (og Strand-Ulv).
- Are Ulseth (sonekontakt HFK), Ellen Aakre (Herøysund), Arvid Nes (Rosendal), Håkon Askeland (Ternen).
- I tillegg lagleiarar for ulike lag i barnefotballen: Kjetil Heimvik (Ternen jenter), Stig Berge-Soldal (Uskedal G05), Roald Vigrestad (Trio J05), Øystein Helland (Trio Valen G05), Sveinung Tveit (Trio Valen G05), Knut Martin Hass (Rosendal G05), Ståle Jonassen (Rosendal G05), Martin Hass (Rosendal G06).

Halsnøy hadde sendt informasjon om påmeldte lag og ønskje om cupdato på førehand.

Are Ulseth koordinerer miniputt fotballen i Kvinnherad sesongen 2015. Klubbane var invitert til møte på Triohuset for å planlegge sesongen for dei yngste.

### Sak 1: Fair Play og rammer vi er enige om

**Viktige momenter for sesongen: (NB! Orienter trenarar og lagleiarar grundig om dette!)**

Rosendal har vore flinke mhp Fair Play og bruk av kampvert. Eit eksempel for oss andre! Dei andre klubbane kom bra etter i fjor og dette fungerer fint. På arrangementa **skal** det vera ein **”kampvert” med synleg bekledning (gul vest):** Ein vaksen som følgjer opp god oppførsel og fair play. Dette både på seriekampar og på cupane. Ein skal også ha eit Fair Play-møte i forkant, der ein går gjennom føringane vi er samde om og anna Fair Play-moment.

Viktig at dommarane får oppmuntrande tilbakemeldingar undervegs. Vi har alle ansvar for å ta tak i leiarar, foreldre eller andre som viser uheldig oppførsel overfor dommarane.

Ein dommaransvarleg bør ha ei kort samling med dommarane i forkant av cup. Understreke at dei må vera tydelege, synlege, aktive og blåse godt i fløyta. Viktig med ros til dommarane! Vi brukar alle stort sett nyutdanna klubbdommarar (ofte 13-14 år).

Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Vi ønskjer jamne kampar!

Unngå bruk av overårige (dei minste klubbane kan få sjeldne unnatak).

Mix-lag: Mix betyr her blanding av jenter og gutar og det må vera minst 2 jenter på laget/banen før ein kan kalle det mix-lag.

**Pressfri sone:** Fokus på at keeper får kaste ut til upressa medspelar. Motstandar trekke laget tilbake på eigen halvdel! **Her SKAL vi kreve at trenarane held fokus på det, og også øver på det på trening!** Dommar skal stoppe spelet og setje i gong på nytt om det ikkje følgjast.

Viss eine laget leiar med 4 mål, får det andre setje inn ein ekstra spelar.

Vi tillater at keeper kan ta opp tilbakespel frå medspelar.

Premie: I cupane er ein liten premie ok. NB! Ingen konkurransse om å ha flottaste premien!



## Sak 2: Påmeldte lag

Alle lag i mini-fotballen skal spele 5arotball. Dette er pålegg frå kretsen. (Seriedagane i 10-års-klassen gjennomførast også som 5arotball, men laga kan her evt avtale 6 spelarar i enkeltkampar.)

Vi gjekk gjennom påmeldingslistene. Diverre ufullstendig i og med at nokre klubbar var fråverande og ikkje hadde meldt inn antal på førehand.

Halsnøy: 9 lag (5 gutar, 4 jenter)

Ternen: 4 lag (2 gutar, 2 jenter)

Trio: Anslår ca 15 lag

Herøysund: 4 lag (2 gutar, 2 jenter)

Uskedal: 4-5 lag (3-4 gutar, 1 jenter)

Rosendal: 17 lag (9 gutar, 8 jenter)

Strand-Ulv: 1 lag i gutar 10 år (men ingen info om desse skal delta hjå oss).

Totalt oppimot 55 lag. G05 (10 år) ser ut til å vera ca 6 lag og J05 (10 år) 5-6 lag. Desse spelar eigne seriedagar og då må ein rekne med ca 45 lag på miniputtcupane. Kan stige mot 50 ettersom 2009-modellane startar opp utover i sesongen. Litt usikkert korleis dette er klassevis fordelt, men ein skal etter beste evne sette opp motstand frå rett klasse, og helst jentelag mot kvarandre.

Are kontaktar sonekontakt Odda mhp mogleg samarbeid om seriedagane i 10-årsklassane.

Påmelding må gjerast til kvar einskild cup. Viktig at kvar klubb har ein person som kvalitetssikrer og sender samla påmelding til arrangør. Vi vart enige om at ved påmelding **SKAL EIN BRUKE ÅRSTAL SPELARAR ER FØDD. Døme:** Halsnøy G07 (= fødd i 2007)

Treng ein hjelp til å lage kampoppsett, kontakt Are.

Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Bør også informere arrangør om nivå på laget. Eigen klasse for 2009 («skulekameratar»), om mogleg. Helst jentelag mot kvarandre.

Vi ønskjer jamne kampar!

Komprimer kampoppsetta: Kort pause mellom kampane for kvart lag.

Anbefalt banestorleik i cupane er max 33x22 meter. (På 11arbanar bør det vera råd å dele i 3 banar i lengderetning.) Kampar på 2x10 minutt. Bruk 3arballar.

## Sak 3: Cupdagar for miniputt

- Invitasjon ut 2 veker før, påmld-frist 1 veke før.

### Datoar for miniputtcupar (6/7-9 år):

Søndag 03. mai: Trio (Kvednabekkjen)

Søndag 31. mai: Rosendal

Søndag 14. juni: Herøysund (grus)

-----  
Søndag 30. august: Uskedal (Spar Heio Cup)

Søndag 20. september: Halsnøy

Søndag 18. oktober: Trio (Kvednabekkjen)



#### **Sak 4: Seriedagar for G05-klassen og J05-klassen (10 år)**

Har hatt eit samarbeid med Odda-regionen for 10-årsklassen, der desse ikkje spelte cupar, men derimot ”seriedagar”. Alle laga i klassen samlast på same stad, 6-7 gonger i løpet av sesongen. Alle laga spelte 2 kampar kvar a 2x15 minutt. Med små unnatak vart dette gjort på kvardagar, arrangementet gjerast unna på 2,5 time.

Fordelar med ordninga:

- Betre sportslege utfordringar
- Kompakt arrangement
- Mindre køyring
- Tilvenning til ordinært seriespel, som kjem frå 11 års alder.
- Evt kaker og saft/kaffe til ungar og føresette, sosialt og triveleg.

Vi har 4-6 lag i G05 (10 år) i 2015: Rosendal (2), Trio (truleg 3, eitt frå Valen), Uskedal (1). Usikkert med Strand-Ulv, som også har meldt på eit lag til HFK i denne klassen.

Vi laga eit oppsett for seriedagane, 3 på vår og 3 på haust. Det er fritt fram for å melde på til Odda sine dagar i tillegg (blir ettersendt). Odda vil også ha høve til å vera med på våre seriedagar.

Arrangøren får ansvar for å lage kampoppsett. Hugs å sende ut invitasjon 2 veker før, påmeldingsfrist 1 veke før (oppsett lagast snarast etter dette). Ta evt kontakt med Are for hjelp.

Kampoppsett: 2 kampar til kvart lag, 3-4 kampøkte totalt (ferdig på ca 2,5 time). 2-3 banar. Kampane skal vera på 2x15 minutt. I utgangspunktet 5 spelarar på banen, litt større bane enn mini.

#### **Oppsett av datoar for seriedag G05 (10 år):**

- **Torsdag 23. april:** Trio (Valeparken). **NB! ENDRA TIL TORSDAG ETTER MØTET!**
- Fredag 08. mai: Trio (Kvednabekkjen, arr: Trio Husnes)
- Torsdag 04. juni: Rosendal
- Torsdag 27. aug: Rosendal
- Torsdag 17. sept: Uskedal (evt fre 18/9)
- Torsdag 01. okt: Trio (Kvednabekkjen, arr: Trio Husnes)
- Odda supplerer med sine datoar.
- Elles er det sjølv sagt fullt mogleg å avtale ekstra treningskampar utanom dette.

#### **Oppsett av datoar for seriedag J05 (10 år):**

- Onsdag 22. april: Halsnøy
- Onsdag 20. mai: Husnes (Kvednabekkjen)
- Onsdag 10. juni: Rosendal
- Onsdag 26. aug: Halsnøy
- Onsdag 23. sept: Husnes (Kvednabekkjen)

Det er påmeldte lag frå Trio (2), Halsnøy (2) og Rosendal i denne klassen. Flott viss Ternan J11 også vurderer å delta med 10-åringane sine + evt overårig.



### **Vedlegg: Kontaktperson barnefotball for klubbane i Kvinnherad**

Halsnøy	Verner Fjelland	<a href="mailto:verner.fjelland@gmail.com">verner.fjelland@gmail.com</a>	Tlf: 92 65 41 34
Trio	???		
	Jamal Soosainather	<a href="mailto:jsoosainather75@gmail.com">jsoosainather75@gmail.com</a>	Tlf: 95 96 63 53
	Aleksander Ekeland	<a href="mailto:aleksander@intoelektro.no">aleksander@intoelektro.no</a>	Tlf:
Herøysund	Ellen Aakre	<a href="mailto:ellen.aakre@gmail.com">ellen.aakre@gmail.com</a>	Tlf: 97 98 92 05
Uskedal	Kjetil Myklebust	<a href="mailto:kjetil.myklebust@knett.no">kjetil.myklebust@knett.no</a>	Tlf: 99 72 79 41
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Ternen	Kjetil Heimvik	<a href="mailto:kjetil.heimvik@skl.as">kjetil.heimvik@skl.as</a>	Tlf: 97 55 60 52
Strand-Ulv	Are Traavik	<a href="mailto:are.traavik@knett.no">are.traavik@knett.no</a>	Tlf: 92 62 55 14
Strand-Ulv	Tone Tufta Gaugstad	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">tonetufta@hotmail.com</a>	Tlf: 92 45 76 80
Odda-regionen	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

### **Vedlegg: Kontaktperson G05 (10 år) i Kvinnherad**

Trio Husnes	Oddvar Eikenes	<a href="mailto:oddvar.eikenes@knett.no">oddvar.eikenes@knett.no</a>	Tlf: 90 63 28 55
Trio Valen	Øystein Helland	<a href="mailto:oystein.helland@kvinnherad.kommune.no">oystein.helland@kvinnherad.kommune.no</a>	Tlf: 48 18 89 06
Uskedal	Stig Berge-Soldal	<a href="mailto:stig.berge.soldal@harding.no">stig.berge.soldal@harding.no</a>	
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Rosendal	Knut Martin Hass	<a href="mailto:kmbhass@gmail.com">kmbhass@gmail.com</a>	
Rosendal	Ståle Jonassen		Tlf: 90 26 97 16
Halsnøy (i G11)	Lene Lagaard Eide	<a href="mailto:lene.lagaard.eide@kvinnherad.kommune.no">lene.lagaard.eide@kvinnherad.kommune.no</a>	Tlf: 90 83 98 57
Strand-Ulv	Tone Tufta Gaugstad	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">tonetufta@hotmail.com</a>	Tlf: 92 45 76 80
Odda-region	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

(Lars Einar informerer lagleiarane for Odda sine 10-årslag.)

### **Vedlegg: Kontaktperson J05 (10 år) i Kvinnherad**

Trio Husnes	Roald Vigrestad	<a href="mailto:roald.vigrestad@hydro.com">roald.vigrestad@hydro.com</a>	Tlf: 45 45 85 00
Halsnøy	Therese Njøten Størksen	<a href="mailto:njoten@hotmail.com">njoten@hotmail.com</a>	Tlf: 97 00 21 86
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Ternen (kanskje)	Kjetil Heimvik	<a href="mailto:kjetil.heimvik@skl.as">kjetil.heimvik@skl.as</a>	Tlf: 97 55 60 52
Odda-region	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

(Lars Einar informerer lagleiarane for Odda sine 10-årslag.)

### **Vedlegg: Øvrige arrangement det er verdt å hugse**

24.-26.juni: Fotballskular Trio (Husnes) og Rosendal  
21.-23.august: Husnes Cup for 11-12-åringar, pluss gitar 10 år.

Klubbdommarkurs: Trio har allereie arrangert i år.

Aktivitetsleiarkurs: Det er stor trong for dette no.